
REGLEMENT FOR VIGSLAR I HEMSEDAL KOMMUNE

Reglementet er vedteke av kommunestyret sak 85/17. Reglementet gjeld frå 1.januar 2018 og for ein periode på to år. Før kommunestyret vedtek nytt reglement skal organisering og reglement evaluerast.

1. Vigselsmynde i Hemsedal kommune

Vigslar utførast av ordførar eller varaordførar men om naudsynt grunna fråver, kan vigslar også utførast av eit formannskapsmedlem. Vedkomande utpeikast i byrjinga av valperioden.

2. Kven kan bli vigsla i Hemsedal kommune

Både busette i Hemsedal og utanbygds kan bli vigsla.

3. Stad for vigslar

Hemsedal kommune tilbyr vigsel på kommunehuset. Vigselslokalet er Hemsedal Kultursal og/eller foajeen utanfor kultursalen. Vigselen kan finne stad på annan stad, men dette skal på førehand vere godkjent av vigslaren.

4. Tidspunkt for vigslar

Hemsedal kommune opnar for vigsel alle vekedagar innanfor kommunen si normalarbeidstid.

5. Rammer for vigslar

Hemsedal kommune har berre ansvar for sjølve vigselsritualet. Pynt, dekorasjonar, musikk eller andre kunstneriske innslag må organiserast av brureparet.

6. Kostnadar knytta til vigselen

Sjølve vigselen og nytting av kommunen sine lokale på kommunehuset er gratis. Om brureparet ynskjer å nytte andre lokale, må dei sjølv bestille og dekke kostnadane. Kostnadar til pynt og dekorasjonar må dekkast av brureparet. Det same gjeld musikk eller andre kunstneriske innslag. Om brureparet ynskjer å vigslast utanfor kommunen sine grenser, men at vigslaren skal vere frå Hemsedal kommune, må dette organiserast av brureparet sjølv. Dei må også dekke reiseutgifter for vigslaren og andre meirutgifter dette medfører for kommunen.

7. Rutine for gjennomføring av vigslar

Rådmannen har mynde til å fastsetje rutinar for administrative oppgåver knytta til vigslar.

8. Søknad om kommunal vigsel

Søknad om kommunal vigsel må vere komet inn til kommunen minst 1 måned før sjølve vigselen. I søknaden må namn på brudepar med kontaktinformasjon, ønska dato, ønska sted, omtrentleg tal på tilhøyrarar og evt. anna som kommunen må vite før vigsel.

9. Prøvingsattest

Dei som tek kontakt med kommunen om vigsel må få beskjed om at dei må ha gyldig prøvingsattest på tidspunktet for ekteskapsinngåinga, jf. ekteskapsloven § 14 første ledd jf. § 10. Det er folkeregistermyndigheita som utsteder prøvingsattest.

10. Informasjon om reglement og rutinar

Reglement og rutinar for vigslar skal kunngjerast på heimesidene til kommunen.